



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 01.09.2016
Møtetid: 14:00 - 15.20
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Hilde-Lill våge

Merknader:

Olaug Øystese (Ap) var ugild i sak 46/16. Øyvind Strømmen møtte for henne. Sture Tveit (H) og Gunnar Bruvik (Frp) møtte under handsaming av habilitet for Arild Røen og Øyvind Røen i sak 46/16

Orienteringar/meldingar:	<p>Delegeringsreglement – Sektorleiar for organisasjon har i notat orientert om at slik arbeidssituasjonen er er det vanskeleg å få prioritert arbeidet med reglementet. Notatet var sendt ut saman med innkallinga. Det kom signal frå einskildrepresentantar om at dette arbeidet burde prioriterast. Ordførar konkluderte med at utvalet som er sett til å sjå på reglementet vert kalla saman til møte.</p> <p>Politireforma - Ordførar er med i styringsgruppe for lokalisering av politikontor i Hordland. Dei skal utarbeida ei innstilling i fellesskap med nabokommunane. Tidlegare utsendt pressemelding er ikkje førande for innstillinga.</p> <p>Kulturelle skulesekken- SK har fått kr.50.000 i tilskot. Jmf. utsendt notat.</p> <p>Senter for funksjonshemma. Det vil koma ei sak til kommunestyret i september om lokalisering.</p> <p>Kunstgrasebaneprosjektet – Notat frå rådmannen om</p>
---------------------------------	--

	<p>status og val av løysing var sendt ut til medlemmane i forkant av møtet. Dette viser at det også er rom for å få oppgradert friidrettsanlegget slik at det vert 4 løpebaner og ein fullverdig sektor for tekniske øvingar. Det var ein diskusjon om den andre sektoren burde få fast dekke, dette for å hindra at det kjem grus inn på kunstgrasbana. Ein skal evt. koma attende til dette seinare.</p> <p>Marknadsføring av næringsareal Kommunen er i dialog med BRB for å få lagt ut informasjon om ledige areal og lokale.</p> <p>Datasenter Dette vert det arbeidd aktivt med. Det skal m.a. vera møte med næringsinteresser fredag 2.9.16</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p>Odd Arne Haga (Frp) ba om status for fiber til Rolvsvåg og Ytre-Tysse (Fjordtønna). Han ba også om orientering på kva som ligg i budsjettet under forsterka tiltak.</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.09.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
045/16	16/761	Faste saker	
046/16	12/509	Samnanger kommune si klage på vedtak i NVE om løyve til konsesjon Aldalselva kraftverk	

SAKNR. 045/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

01.09.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Faste saker vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter; Odd Arne Haga (Frp) stilte følgjande spørsmål

– Fiber til husstandar i Rolvsvåg og Ytre-Tysse.

Rådmannen viste til tidlegare meldingar om fiberløysing til Rolvsvåg. Kommunen har søkt fylkeskommunen/staten om midlar til utbygging for eit par prosjekt. Tiltaket i Rolvsvåg er prioritert, men bak ein del tiltak i Nordhordland. BKK finn det ikkje rekningsvarande å bygge ut fiber her, så det er truleg andre løysingar som vert vald gitt at det vert gitt tilskot. På Tysse har BKK gjennomført utbygging i sommar, og kvifor ikkje Fjordtønna har funne ei løysing kan administrasjonen ikkje svare på.

-Forsterka drift i barnehage

Rådmannen orienterte om at det er tiltak knytt til enkeltvedtak, dvs. til barn med særskilde behov.

FORM-045/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 046/16

**SAMNANGER KOMMUNE SI KLAGE PÅ VEDTAK I NVE OM LØYVE TIL
KONSESJON ALDALSELVA KRAFTVERK**

Saka vert lagt fram utan tilråding

01.09.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Olaug Øystese (Ap)** ba om verta vurdert utgild. Ho gjekk ifrå og utvalet fann ho samrøystes ugild. Øyvind Strømmen (MPG) deltok under handsaminga.

Arild Røen (H) stilte spørsmål om han var ugild. Han orienterte om sitt eigedomsforhold der han ikkje er eigar i området men har beiterett. Han bad om verte vurdert som gild i saka.

Øyvind Røen (Sp) ba om få sin gildskap vurdert og viste til A. Røen si grunngeving der han heller ikkje kan sjå at han er part i saka. Begge gjekk ifrå under handsaminga. Sture Tveit(H) og Gunnar Bruvik (Frp) kom til under handsaminga.

Utvalet vedtok samrøystes at Arild Røen samrøystes gild. Sture Tveit gjekk ifrå og A. Røen tok på nytt plass.

Utvalet vedtok samrøystes at Øyvind Røen var gild. Gunnar Bruvik gikk ifrå og Ø. Røen deltok under handsaminga av saka vidare.

Rådmann Tone Ramsli viste til bakgrunnen for at saka var oppe til handsaming og ba om å få fritak for å vera med under handsaminga, noko som vart akseptert. Ho gjekk då ifrå. **Monica Tjønna (Sp) og Øyvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg;

” Formannskapet ser at det kan vera gjort ein formell feil i sakshandsaminga av klage på vedtak i NVE om kraftutbygging i Aldalen.

Me ber difor om at det vert lagt fram ei sak i kommunestyret 29.09.2016 med tanke på ei eventuell stadfesting av klagen.

I saksførebuinga til møtet må det gjerast ei utgreiing om kva konsekvensar utbygginga vil ha for Fitjavatnet, spesielt på punkta fritid/rekreasjonsområde og drikkevasskjelde.”

Øyvind Strømmen (MPG) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

”Formannskapet ber om ei juridisk vurdering av sakshandsaminga, og kva konsekvensar ein sakshandsamingsfeil har.”

Det vart røysta punktvis.

Først vart det røysta over framlegget til Tjønna og Røen som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget til Strømmen, som fall med 4 mot 5 røyster.

Følgjande røysta slik;

For Tilleggsframlegget	Imot tilleggsframlegget
Nils Aadland (Ap)	Odd Arne Haga (Frp)
Aril Røen (H)	Lena Tveit (Bl)
Øyvind Strømmen (MPG)	Monica Tjønna (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Øyvind Røen (Sp)
	Knut Harald Frøland (Bl)

FORM-046/16 VEDTAK:

Formannskapet ser at det kan vera gjort ein formell feil i sakshandsaminga av klage på vedtak i NVE om kraftutbygging i Aldalen.

Me ber difor om at det vert lagt fram ei sak i kommunestyret 29.09.2016 med tanke på ei eventuell stadfesting av klagen.

I saksførebuinga til møtet må det gjerast ei utgreiing om kva konsekvensar utbygginga vil ha for Fitjavatnet , spesielt på punkta fritid/rekreasjonsområde og drikkevasskjelde.